

# Føresegner til detaljreguleringsplan Skytebana på Kvernes

Dato: 15.07.2024

Desse føresegnene gjeld for detaljreguleringsplan med PlanID 20230001, innanfor plangrensa som vist på plankart datert 15.07.2024.

## 1. Målet med planen og føremål som inngår i planen

Målet med planen er å legge til rette for oppgradering av Kvernes skytebane.

Planen viser areal til:

### **Bygg og anlegg, pbl. § 12-5, nr. 1:**

Skytebane, BSK 1 - 3

Anna idrettsanlegg -klubbhus, BAI

### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. § 12-5, nr. 2:**

Veg, SV

Køyrbar gangveg, GS

Parkeringsplass SPA 1 - 3

Anna vegareal, grøntareal, AVG

### **Landbruk-, natur- og friluftformål, pbl. § 12-5 nr. 5:**

Naturformål av LNFR, LNA 1 og 2

Friluftformål, LF

### **Omsynssoner, pbl. §12-6:**

Bandlegging av kulturminne, H730, 1 - 3

Sikringssone, frisikt H140 1 og 2

## 2. Felles føresegner for planområdet

- a. Dersom det vert avdekka forureina massar, eller framande artar før eller under anleggsperioden, skal tiltakshavar varsle kommunen. Forureina massar skal handterast i samsvar med avfallsplan som kommunen har godkjent.
- b. Anleggsutstyr og massar som blir frakta til planområdet skal vaskast før flytting til planområdet.
- c. Skulle det under bygge- og/eller anleggsarbeid innanfor plangrensa kome fram gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, må arbeida stoppast, og melding sendast til kulturminnestyresmakter omgåande, jf. Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne § 8 andre ledd.
- d. For å oppnå tilfredsstillande miljøforhold i anleggsfasen, skal luftkvalitets- og støygrenser som angitt i Miljøverndepartementets *Retningslinjer for behandling av luftkvalitet og støy i arealplanleggingen*, T-1520 og T-1442, leggest til grunn.

## 3. Føresegner til bygg og anlegg, PBL §12-5, nr 1

### 3.1 Skytebane (BSK. 1 – 3)

- a. Innanfor BSK kan det etablerast nødvendige tiltak for etablering og drift av skytebaner og tilhøyrande anlegg.
- b. Tilkomst til standplassane skal ha universell utforming med tanke på stigingsforhold, i samsvar med krava til universell utforming i TEK.

- c. Konstruksjonar innanfor BSK skal ha ikkje-reflekterande overflater, og overflatebehandling skal ha jordfarge.

### 3.2 Andre idrettsanlegg, klubbhus (BAI)

- a. Tilkomst til klubbhus, wc og innandørs skytebane skal ha universell utforming i samsvar med krava i TEK.

## 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr 2)

### 4.1 Kjørbar gangveg, (GS)

- a. GS er tilkomst til standplassar, og skal ha universell utforming i samsvar med krava i TEK.

### 4.2 Parkeringsplassar, (SPA, 1-3)

- a. SPA er parkeringsplassar for brukarane av skytebanene og friluftsområdet.

## 5. Føresegner til landbruk, natur og friluftsmål (PBL § 12-5, nr 5)

### 5.1 Naturformål av LNFR (LNA. 1 og 2)

- a. LNA på plankartet, er sideareal til Ilvollelva, og tiltak og arrondering på dette arealet er forbode.
- b. Innanfor LNA er det lov å fjerne høg skog som hindrar sikt mellom standplass og blinkar.

### 5.2 Friluftsmål (LF)

- a. Innanfor LF er det tillate å etablere leikeplass, grillplass, gapahuk og liknande anlegg med tanke på leik og rekreasjon. Byggegrensa innanfor LF ligg 4 meter frå formåls grensa. LF skal ha tilkomst med universell utforming i samsvar med krava til universell utforming i TEK.

## 6. Omsynssoner (PBL § 12-6)

### 6.1 Frisiktsone (H140)

- a) Innan for H140 skal det til ei kvar tid vere fri sikt i en høgde på 0,5 meter over nivået til den til støyttande vegen.

### 6.2 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730, 1-3)

Området inneheld eit automatisk freda kulturminne. Den naturlege vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje anledning til å sette i gang med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte uforsvarleg skjemme det freda kulturminnet og verneområdet eller framkalle fare for at det kan skje, jf. Kulturminnelova § 3. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvarisk mynde ved fylkeskommunen.